

Utne sokneråd  
5778 Utne

Til Kyrkjerådet,

## HØYRINGSSVAR – NY KYRKJELEGORGANISERING

Utne sokn – medlemer i gruppe 0- 2000  
Kontaktperson : leiar Kari Bjørkavoll Eitrheim

### Avvising av Prostifellesråds-modellen

Primært ynskjer vi eit felles nasjonalt arbeidsgjevaransvar for alle tilsette i Den norske kyrkja, at alle er tilsett i rDnk, slik at det blir ei felles arbeidsgjevarlinje.

For oss talar omsynet til norsk geografi og demografi imot ein prostifellesrådsmodell, og *for* å vidareutvikla dagens ordning. For kyrkjemedlemmane sin identifikasjon med folkekyrkja legg vi vekt på at medlemmane i dag forhold seg til kyrkja gjennom dei kjente nivåa sokn, kommune og bispedømme. Kyrkja er først og fremst lokal: ein kyrkjelyd (medlemmene i kyrkja), dei tilsette i kyrkja som ein møter (prest og andre kyrkjeleg tilsette), og kyrkjebygget og kyrkjegarden m.a. Vi meiner at ein prostifellesrådsmodell vil kunne svekka betydninga av både kommune- og bispedømmenivået, ved å etablere et overkommunalt nivå med større avstand til den enkelte kommune, og ved at biskopen si leiarrolle vert svekka når leiing og arbeidsgjevarfunksjonar blir overgitt til prostinivået.

Modellen skaper usikkerheit når det gjeld å ivareta god relasjon mellom kyrkje og kommune. Særleg når det gjeld den økonomiske sida, avstand og mindre direkte kontakt kan føra til at kommunen sitt finansieringsansvar forvitrar. Det kan også føra til at kyrkja sitt lokale samfunnsoppdrag som gravplassmynde blir sett under større press.

Særleg i geografisk store prosti vil det ikkje vera mulig å drive lokal kyrkjeleg verksemd i soknet utan ein viss lokal administrasjon. Korleis arbeidsleiing av det enkelte sokn/kontorstad vert utforma er derfor også viktige premiss for kva som vil vera ein god modell. Dette er ikkje utgreidd. Uansett kan ein ikkje operera med prostigrensene som er i dag, det blir altfor stort og fjernt.

Utne sokn ber om at etablering av Prostifellesråd etter ein av dei tre modellane blir skrinlagt. Det må finnast betre løysinga for å samla alle tilsette under same arbeidsgjevar utan å gå om sentralisering og pulverisering av kontakten mellom kyrkje og samfunn på det lokale plan.

Utne, 29.11.21

Utne sokneråd  
v. leiar Kari B. Eitrheim